



BJØRNA
FJØRDEN
KOMMUNE



Førehandsvarsling/informasjon til
grunneigarar langs kommunale vegar

Vegetasjonsrydding



Sikt og framkomst er *ikkje* god



Sikt og framkomst er god



Tilbakeskjering/rydding av buskar og tre langs kommunale vegar er viktig for å ivareta trafikk og trygging av sideterreng langs fortau, vegar, i kurver, avkøyrslar og kryss

Der grunneigar har grense til fortau eller veg, er vi avhengige av eit godt samspel i dette arbeidet. Vi reknar med å bli einige med dei fleste. Likevel vil vi gjere kjent kva lovheimlar vi har for å gjennomføre dette viktige arbeidet som er med på å sikre god trafikktryggleik.

Grannelova §12

Du som grunneigar må fjerne tre og greiner som veks inn over vegen innan 3 veker frå du mottar dette førehandsvarselet.

Bjørnafjorden kommune sender deg dette varslet med heimel i grannelova §12. Dersom ikkje grunneigaren sjølv ser til at arbeidet blir utført, vil det bli utført av Bjørnafjorden kommune, og då stort sett med mekanisk reiskap.

Veglova §43 med forskrifter


Etter veglova §43 med forskrifter har eigar/brukar av avkøyrslar plikt til å halde avkøyrslar rydda for vegetasjon. Forskrifta til §43 seier at frisisiktfeltet skal ryddast i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande retningslinjene for dette. **Innanfor frisisiktfeltet må vegetasjonen ikkje vere høgare enn 0,5 m over vegplanet.**

Du får med dette førehandsvarsel om at dersom vegetasjonen ikkje blir halden i forsvarleg stand, kan Bjørnafjorden kommune syte for at arbeidet blir gjort for den ansvarlege sin kostnad.

Veglova §31

I dei høva Bjørnafjorden kommune ikkje eig areal på 3 meter frå vegkant, eller det i særlege høve er nødvendig å føreta rydding utanfor eit belte på 3 meter frå vegkant (i kurver og kryss), kan Bjørnafjorden kommune med heimel i veglova §31 påby eigaren å fjerne vegetasjon innanfor eit nærare bestemt område (jf. veglova §29). Det blir med dette gitt førehandsvarsel om at slikt vedtak kan bli utført. Eigar kan i så fall krevje vederlag for mogleg skade og ulempe som følgjer av slikt påbod, og for utgifter med rydding. Dersom påbod til grunneigaren ikkje blir følgt, kan Bjørnafjorden kommune sørge for at arbeidet blir gjort. Eigaren kan i så fall krevje vederlag for mogleg skade og ulempe. Grunneigaren vil bli kontakta for påvisning av ryddingsfelt.

Frisikt i avkøyrsla



Vegetasjon i frisisiktsoner kan ikkje vere høgare enn 0,5 meter over køyrebanenivå. Ein kan tillate enkeltstående oppstamma tre (stammehøgde > 2,7 m).


Krav til L1 (sjå illustrasjon):

30 km/t: L1=20 m
40 km/t: L1=30 m
50 km/t: L1=45 m
80 km/t: L1=100 m

Døme: Ved 50 km/t på hovudvegen blir siktkrav i avkøyrsla 45 meter til kvar side frå midten av avkøyrsla. Ein måler 45 meter frå midten av avkøyrsla til kvar side, og alltid minst 4* meter inn frå køyrebanekant.

* På vegar med fartsgrense 30 km/t og 40 km/t skal det målast 3 meter inn frå køyrebanekant.

Buskar, tre og hekkar mot hovudveg og gang- og sykkelveg:



Vegetasjonsbehandling mot veg og forttau:

For å ta omsyn til sidesikkerheita og god framkomst, tillet ein ikkje at vegetasjonen veks ut over køyrebane og forttau.

På vegar der vegetasjon likevel er planta nær vegkant/ køyrebanekant, må vegetasjonen haldast minst 0,5 m frå vegkant eller ytre vegskulder.

La oss arbeide i lag for å gjere vegane våre tryggare!

**Har du spørsmål om førehandsvarsling
eller om andre delar av informasjonen i
dette skrivet?**

**Ta kontakt med Bjørnafjorden kommune
på telefon 56 57 50 00 eller e-post
vva@bjornafjorden.kommune.no**

Ved utføring av arbeid mot/langs offentlege vegar
er det krav om varslingsplan.
Ta kontakt med Bjørnafjorden kommune for nærare
informasjon.

